

Verneområdestyret for Stølsheimen landskapsvernområde – referat frå møte 6.12.2011

Til stades frå styret:

Oddvar Østerbø, Høyanger kommune

Marta Finden Halset, Vik kommune

Gunn Berit Lunde Aarvik, Voss kommune

Meldt forfall:

Knut Moe, Modalen kommune

Maria Andrea Ness, Sogn og Fjordane fylkeskommune

Toralv Mikkelsen, Hordaland fylkeskommune

Andre deltakarar:

Nils Kvamme, Statens naturoppsyn (innleigd)

Kristoffer Ullern Hansen, Statens naturoppsyn Aurland

Øistein Aasland, Fylkesmannen i Hordaland

Tom Dybwad, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Steinar Lund, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sak 11-2011: Bestillingsdialogen

SNO orienterte om kva arbeid som har vorte gjort i 2011, og kom med forslag til kva som bør prioriterast i 2012.

Styret vedtok på grunnlag av diskusjon på møtet kva tiltak dei ynskjer midlar til frå SNO i 2012. Tiltaka er prioritert frå 1 (høgast) til 3 (lågast):

1. Utbetring av DNT-sti frå Stølsdammen til Solrenningane: 200 000,-
2. Skjøtsel på stølar, etter plan: 60 000,-
3. Infotiltak innfallsportar: 50 000.

I tillegg til dette kjem ein tenestekjøpsavtale med Nils Kvamme (200 000,-) og eit ukjend beløp frie midlar verneområdestyret vil ha til disposisjon i 2012.

Sak 12-2011: Samansetjing av fagleg rådgjevande utval

På grunnlag av diskusjon på møtet vedtok styret, med utgangspunkt i rådgjevande utval i dag, å invitere fylgjande til å delta i fagleg rådgjevande utval:

- Grunneigarar i:
 - o Voss
 - o Modalen/Vaksdal (felles representant)
 - o Vik
 - o Høyanger
- Naturvernforbundet i Hordaland/Sogn og Fjordane
- Bergen Turlag
- Fjellheimen villreinutval/-villreinnemnd
- Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF), faggruppe landskapsøkologi
- Bergenhalvøens kommunale kraftselskap (BKK)
- Fylkesmannen i Hordaland
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

(I det eksisterande rådgjevande utvalet er Lars Kn. Mørkve leiar).

I tillegg vil SNO vere representert på møta, men ikkje vere ein del av det fagleg rådgjevande utvalet.

Representantar for grunneigarane blir valt av grunneigarlaga i dei aktuelle områda. Sekretariatet ved Fylkesmannen i Sogn og Fjordane vil kontakte landbrukssjefen i kommunane Voss, Vaksdal, Modalen, Vik og Høyanger for å be dei ta kontakt med grunneigarlaga.

Fylkesmennene i Sogn og Fjordane og Hordaland vil vurdere om dei kan vere representert i fagleg rådgjevande utval, eller om det kjem i konflikt med deira klagerett på vedtak fatta av styret, jamfør Vedtekter for verneområdestyret for Stølsheimen landskapsvernområde i Hordaland og Sogn og Fjordane fylker, pkt. 12*.

* Etter møtet er det klarlagt med Direktoratet for naturforvaltning at fylkesmennene kan sitje i fagleg rådgjevande utval.

Sak 13-2011: Administrativt kontaktutval for kommunane

Kommunane og fylkeskommunane blir bedne om å velje ein administrativ kontaktperson kvar, som til saman vil utgjere det administrative kontaktutvalet. Personen som vert valt skal og ved behov vere tilgjengeleg som bititjar for representanten frå sin kommune/fylkeskommune i styremøte.

Sak 14-2011: Orientering om budsjett 2012 for verneområdestyre og forvaltarar

Steinar Lund orienterte om budsjettet for 2012. Verneområdestyret skal sende framlegg til budsjett til Direktoratet for naturforvaltning (DN). Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har ansvar for løn til forvaltar og fellesadministrative tenester, medan verneområdestyret

disponerer midlar til etablering og drift av sekretariatet, driftsutgifter for verneområdestyret og rådgjevande utval og eventuelle utgifter med arbeid med forvaltningsplan og skjøtselsplan.

Styret gav tilbakemelding om at dei forventar å ha seks møte i verneområdestyret og fire møte i arbeidsutvalet. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane vil med utgangspunkt i dette, samt erfaring frå drifta av andre verneområdestyre i fylket, utarbeide eit utkast til budsjett som blir sendt styret for godkjenning før det blir sendt til DN.

Sak 15-2011: Ymse

Marta Finden Halset bad om at sekretariatet set opp gjennomgang av ordninga for forvaltningsknutepunkt på saklista til neste møte.

Nils Kvamme delte ut rapport for feltaktiviteten han har hatt i Stølsheimen landskapsvernområde i 2011.

Gunn Berit Lunde Aarvik og Oddvar Østerbø vart vald til å skrive under møteprotokollen (i tillegg til styreleiar Marta Finden Halset).

Referent: Steinar Lund